
Saknr: 2020/46279-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020

Tilskot til vaksenopplæring - retningslinjer

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for tilskot til vaksenopplæring.
2. Vestland fylkeskommune lyser ut tilskot til vaksenopplæring for å støtte opp om dei regionale studieforbunda sin aktivitet. Endeleg fordeling av midlane blir gjort administrativt etter retningslinjene og vedtekne fordelingsnøklar.
3. Vestland fylkeskommune set av 404 000 kroner til ordninga frå posten Vaksenopplæring i budsjettet Kunst og kulturutvikling.

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har sidan 1978 gjeve tilskot til studieforbund som organiserer vaksenopplæringstiltak. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ei liknande ordning tidlegare, men denne vart avvikla på slutten av 1990-talet. Dei organiserte læringsaktivitetane gjennom studieforbunda er viktig for kultur- og organisasjonslivet i fylket, og stimulerer til livslang læring. Fylkesdirektøren foreslår ei vidareføring av tilskotsordninga slik den har vore i Hordaland fylkeskommune. Dette inneber eit grunntilskot til kvart studieforbund som har minst 500 studietimar og eit aktivitetstilskot basert på rapporterte studietimar henta ut frå SSB sine statistikkar.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Retningslinjer - Tilskot til vaksenopplæring

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har i budsjettet for 2020 sett av 634 000 kroner til vaksenopplæring. 230 000 kroner av midlane er løyvd som driftstilskot til fellesorganet Vaksenopplæringsforbundet Vestland. Det er 404 000 kroner igjen til fordeling mellom dei godkjente studieforbunda i fylket.

Utgangspunktet for støtte til vaksenopplæring er [Lov om vaksenopplæring](#) (LOV-2009-06-19-95), som tredde i kraft i januar 2010. I lova blir det slått fast kva som må til for å verte godkjent som studieforbund. Dei godkjente studieforbunda sine regionale ledd i fylket vil ha rett til å søkje om tilskot til vaksenopplæring gjennom Vestland fylkeskommune.

Studieforbunda er organisert med eit nasjonalt ledd med ideelle organisasjonar som medlemslag. Dei 14 godkjente studieforbunda bidrar til organisert opplæring i nær 500 frivillige lag og ideelle medlemsorganisasjonar på landsbasis. Dei ideelle organisasjonane sine lokale, regionale og sentrale ledd kan søkje om vaksenopplæringsmidlar gjennom dei nasjonale studieforbunda. Studieforbunda kan ha regionale ledd som arbeider for å styrke vaksenopplæringsaktiviteten i fylket.

Tilskot til vaksenopplæring i fylket er ikkje ei lovpålagt oppgåve. Hordaland fylkeskommune har sidan 1978 gjeve tilskot til studieforbund som organiserer vaksenopplæringstiltak. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ei liknande ordning tidlegare, men denne vart avvikla på slutten av 1990-talet. Ni studieforbund fekk tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2019:

Nr.	Organisasjon	Kurs-timetal	Grunn-tilskot	Adm. tilskot	Totalt
1.	Studieforbundet Næring og samfunn	1 919	4 000	5 642	9 642
2.	AOF Hordaland - Sogn og Fjordane	2 218	4 000	6 522	10 522
3.	Studeieforbundet Kultur og Tradisjon Hordaland	11 574	4 000	34 031	38 031
4.	Idrettens Studieforbund	4 449	4 000	13 081	17 081
5.	Kristleg Studieforbund	13 070	4 000	38 429	42 429
6.	Folkeuniversitetet Vestlandet	45 308	4 000	133 218	137 218
7.	Hordaland Musikkråd / Musikkens studieforbund	26 778	4 000	78 735	82 735
8.	Studieforbundet Natur og Miljø avdeling Hordaland	5 096	4 000	14 984	18 984
9.	Studieforbundet Funkis Hordaland	13 386	4 000	39 358	43 358
	Til saman	123 798	36 000	364 000	400 000

Retningslinjene i ordninga i Hordaland slo fast at studieforbunda måtte ha minst 500 godkjente studietimar registrert i Statistisk sentralbyrå (SSB) for å kunne få eit grunntilskot på 4000 kr. Dei resterande midlane vart fordelt som aktivitetsstilskot basert på talet på kurstimar to år tidlegare. Fylkeskommunen har brukt registrerte studietimar to år tilbake som grunnlag for utrekninga av tilskot. Dette fordi statistikken for føregåande år tidvis har blitt gjort offentleg litt seint på året. Fylkesdirektøren tilrår ei vidareføring av tilskotsordninga i Vestland fylkeskommune slik den har vore i Hordaland fylkeskommune, med ei auke i grunntilskotet til studieforbund frå 4000 kr til 5000 kr. Elles foreslår fylkesdirektøren at ordninga blir uforandra. Dette vil, etter det fylkesdirektøren forstår, vere i tråd med det styret i Vaksenopplæringsforbundet Vestland har kome med innspel om gjennom dialog våren 2020.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Studieforbunda sine medlemsorganisasjonar driv viktig folkehelsearbeid innan m.a. kultur, idrett og helse.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser arbeidet til studieforbunda som viktig for å auke formell og uformell kompetanse innan ei rekkje fag og område. Opplæringsverksemda i dei mange frivillige og ideelle organisasjonane er viktig for kultur- og organisasjonslivet i fylket. Fylkesdirektøren tilrår ei vidareføring av tilskot til vaksenopplæring i dei regionale studieforbunda i Vestland, i tråd med tilskotsordninga slik den har vore i Hordaland fylkeskommune..